



Laurdag blir det A-lagsfotball på heiograset. Her trener Rosendal/Uskedal på bana for få dagar sidan. Spelande trenar Håvard Sætrevik først i rekkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag ettermiddag er det duka for A-lags-fotball på Heio. Då møtest Rosendal/Uskedal og Solid til seriekamp i 4.divisjon. Spelande trenar Håvard Sætrevik fortel at det i alle fall er planlagt tre seriekampar på heiograset denne sesongen. I følgje trenaren bør det også verta tre poeng til heimelaget i denne kampen.

- Solid rykte ned i fjor, og etter det gav mange av dei berande spelarane seg, fortel Sætrevik som sjølv var sentral på Solid-laget før han flytta til Rosendal.
 – Dei er såleis i gang med eit omfattande generasjonsskifte, og dei treng såleis tid på seg. Laget har tapt seriekampane dei har spela til no denne sesongen.

Rosendal/Uskedal har gjort det godt på heimebane i innleiinga av sesongen. På bortebane har det vore dårlegare.

– Eigentleg litt typisk laget vårt, seier trenaren. – Slik har det vore dei seinare åra.

Sætrevik kan mønstra eit godt mannskap på laurdag. I skrivande stund er tre uskedelingar inne i 18-mannstroppen til kampen. Både Lars Johan Myklebust og Jørgen Moberg har gjort det bra tidlegare i vår. Dessutan er det duka for comeback av Ivar B. Arnesen jr. Han vil nok starta på benken, men vi forstår på trenaren at det er sansynleg med eit innhopp i løpet av kampen. Kristoffer Rød og Tommy Eidsvik har og vore med på treningane dei siste vekene, men kampen kjem litt tidleg for dei. Dessutan er ikkje Simen Raudstein heilt kvitt ankelskaden sin.

Ramma rundt kampen skulle vera den aller beste. Idrettsplassen på Heio ligg idyllisk til. Den velpleidde grasmatta inviterer til finspel. Fint ver og eit stort og entusiastisk heimepublikum kan gjera denne fotballettermiddagen komplett.

Av Thor Inge Døssland